

Innspel frå Anne Ingeborg Terningen

Hei! Ut frå tankar som styret i Noregs Ungdomslag om å fjerne nynorsk som målbruk i organisasjonen og endre paragraf 9 om målbruk og dialekter, kjem det følgande forslag, på nynorsk og på dialekt: Dette inspelet skal inn saman med andre i sak om NU og målvalg.

1. Noregs Ungdomslag fortset å vera ein organisasjon som tek vare på nynorsk som målbruk i organisasjonen.

2. Noregs Ungdomslag held fast på ordlyd i dagens paragraf om målbruk, § 9.

3. Noregs Ungdomslag ser på føremålsparagrafen, og tek inn noko om nynorsk i den så det er samanheng i organisasjonen mellom §9, førmålsparagraf og ordning med målbruk.

Nå innlegg på dialekt:

Noregs Ungdomslag har i all ti kjempe før nynorsk å dialekt. NU har gjort at dæ å tala dialekt har vørti meir legitimt ve utsagne; Tal dialekt, skriv nynorsk.

I vår tid ser vi at nynorsken har fått eit oppsving, medlemstale i Norges Mållag ær aukende å medlemmer ær ueinige i utalser frå styre i NU om "utdatert nynorsk", "hemske ve bruk av nynorsk" å att ein itte får goe nåk fålk tæl å søke arbe på NU-kontoret på grunn ta nynorsk krave.

Om itte NU skal stå ve nynorsken, håkken skal gjøra dæ da? Ein ætter ein, legg fra sæg nynorsk å særpreg blir borte både i språke å innhåll i organisasjonom.

Dæ ær fønni bevis før at dei to hæll fleirsråklige utvikle hjærnen nettopp på grunn ta meir bruk ta kapasiteten å variasjonen mæ språke.

Videre på nynorsk:

NU bør i dag kunne gje komande medlemmar gode argument for nynorskbruk saman med dialekt. I media er det å bruke dialekt meir legitimt, og begge delar set farge på både det vi sier og det vi skriv.

NU har framtid sjøl med nynorskbevaringsparagraf! Vær stolt over nynorskbruk, lær nye medlemmar det saman med alt det varierte NU tilbyr!

Veit andre og har kome med innspel i saka, og håper det framleis kan være rom for nynorsk i NU.

Helsing frå mangeårig medlem og no vara i Nordsinni UL:

Anne Ingeborg Terningen, som skriv sikkert eit gammaldags nynorsk?

Kopi tel Nordsinni UL v/leder.